**Garantistene for**


**Innfri innbyggernes  
Forventninger**

**Fremragende og  
likeverdige  
helsetjenester i  
hele Midt Norge**

# Visjonen vår



Fremragende og  
likeverdige  
helsetjenester i  
hele Midt Norge



Til

Alle Ordførere på Sunnmøre

Ålesund 17.9.2020

Videre oppfølging av vår henvendelse i Juni vedr. PET-CT skanner til Ålesund Sykehus.

**Sak.: Sluttfinansiering og invitasjon til dugnad**

Som dere er kjent med har det i en tid vært arbeidet med å skaffe finansiering til innkjøp av slikt utstyr til sykehuset i Ålesund, og så langt har en lyktes i å få inn ca. 22 MNOK fra organisasjoner, bedrifter og enkeltpersoner.

For å få investeringen fullfinansiert gjenstår det ca. 8 MNOK og i den anledning forbereder vi nå en stor Folkeaksjon der målet er å skaffe de siste kronene i en «langspurt». Startskuddet går **Lørdag 26.9.2020** med oppfølgende dekning i Sunnmørsposten fram til **torsdag 1.10.2020**. Denne torsdagen 1.10.2020 fra kl 1800, avholdes det et Kulturarrangement på Parken Kulturhus med artister, intervjuer og kunstauksjon. Et ringekorps på ca 30 personer vil være tilstede å følge opp et stort antall bedrifter og enkeltpersoner som i løpet av den uken blir tilsendt informasjon om PET-CT skanner og et giverskjema. Sendingen blir «streamet» i Sunnmørsposten og på Facebook.

**Hva kan du som Ordfører gjøre ?**

Vi har tidligere utfordret alle kommunene på Sunnmøre om å delta med midler når budsjettet for 2021 vedtas senere i høst. Vi vil også minne dere på dette senere. Men denne gangen håper vi at du som Ordfører kan følge opp sentrale bedrifter/personer i din kommune. Ring dem og gjør dem oppmerksom på hvor viktig dette prosjektet er for helsetilbudet i regionen og oppfordre dem til å bidra. Så gir du oss navnet og telefonnummeret, og vi følger opp med telefon torsdag 1.10.2020.

Som eksempel på det siste har ordfører i Giske, Harry Valderhaug, med god hjelp fra en sentral næringsaktør kontaktet en rekke bedrifter i sin kommune med informasjon om PET-CT skanner og invitasjon til å være med å støtte prosjektet. Responsen har vært over all forventning, med små og store bidrag fra kr.5.000,- til kr.50.000,-

Vårt håper at du i din kommune kan gjøre noe tilsvarende, og i løpet av kommende uke og senest fredag 25.9.2020, gi oss tilbakemelding, gjerne på min mailadresse.

Med de beste hilsener på vegne av Foreninga Sjukehuset Vårt:

Runar Paulsen


Styreleder

Knut Strømsheim

Pådriver




# FORENINGA SJUKEHUSET VÅRT



Oppdatert info Ordførere 17.9.2020

# Bakgrunn



<https://www.smp.no/nyheter/2020/06/03/Gir-én-million-til-sjukehusaksjon-21972674.ece> 120%

Sunnørsposten Nyhetsstudio **Nyheter** Sport Kultur Meninger E-avis Folk MENY


Grethe Sunde vil være med på å skaffe livreddende PET-skanner:

## Gir én million til sjukehusaksjon

*Forretningskvinnna Grethe Sunde har gitt én million kroner til Foreninga Sjukehuset Vårt. De er dermed et langt skritt videre med finansieringa av en såkalt PET-skanner til kreftavdelinga i Ålesund. Nå forventer hun at myndighetene følger opp.*



# Bakgrunn




## Erkjennelsen av utilstrekkelighet !

- Ingenting vedr HMR/HMN beslattes i kommunenes styre
- Tilbudet på diagnostikk i kreftbehandlingen i M&R er lavere enn i regionen og lavere enn landsgjennomsnittet
- Helseforetakets økonomi – pasienter kan ikke vente på bedre tider.



# Foreningen Sykehuset Vårt





Vi måtte ha et tverrpolitisk forum med faglig tyngde.

Næringsforeningen i Ålesund ble fasilitatoren


Privat finansiering i tillegg til offentlig tilbud



# Visjonen vår



# Foreningens Mål



- Sikre et godt helsetilbud i Møre og Romsdal.
  - sterke fagmiljøer og
  - et variert tjenestetilbud med pasienten i fokus.
- Sikre rekruttering av helsepersonell til regionen vår.
- Sikre investeringsmidler knyttet til vedlikehold, opprustning og innkjøp av det utstyret som vil være nødvendig for å opprettholde de funksjonene som de ulike sykehusene har i dag.



# Bakteppet - Snu negativ utvikling

Helse Møre og Romsdal:

## Slik vil Kvernmo ta ned dei siste 22 millionane

*85 millionar kroner skal Helse Møre og Romsdal spare neste år. No skal heile spareplanen vere konkretisert.*



## Helse Møre og Romsdal bekrefter kjempesmellen for september


*Helse Møre og Romsdal bekrefter at de er 25 millioner bak budsjett i september. Dermed doubles merforbruket hittil i år. Det kommer fram i en pressemelding onsdag kveld.*




Sykehuset i Ingve Theodorson (f.v.) administrerende direktør Espen Farnes i Helse Møre og Romsdal. FOTO: STALE WATNE

- Underskudd
- PET og PCI ble tatt ut av langtidsbudsjettet
- Følelse av at alt blir «satt på vent»,
- sykehusene på Sunnmøre akterutseilt

# Diagnostisering av kreft




Erkjennelsen av at tilbudet til vår befolkning er dårligere enn i resten av landet.





# Hvorfor innsamling til PET



**Fordi mange av pasientene som har nytte av dette tilbudet har det til felles at de kanskje ikke har tid til å vente på bedre tider.**



# Hva er PET?


Produksjon av sporstoff



Injeksjon




Avbildning



CT-bilde (tetthet)

PET-bilde (aktivitet)

PET-CT




PET-CT forteller om aktiviteten av et gitt sporstoff i kroppen




# Hvorfor PET?

Form vs Funksjon!

Kreft:




Demens:




# Andre eksempler

Leddbetennelse:



Infeksjon rundt hjertet:




# Nytt verktøy for...

- Kreftleger
- Hjerteleger
- Infeksjonsleger
- Lungeleger
- Rheumatologer
- Ortopeder
- Slag- og geriatere



# Betydning av PET



- Helse Midt:
  - 285 % økning i antall PET-undersøkelser etter etablering av PET-CT på St Olavs i 2013!
  - Men likevel underdiagnostisert, spesielt i M&R



# Fremskritt i forskning gir økt bruk:

**Dagens Medisin** Nyheter Debatt Pharma DM Arena DMTV Om oss

**Dolerin**® paracetamol/ibuprofen  
LES MER HER  
KARO PHARMA

**Dolerin**® paracetamol/ibuprofen  
LES MER HER  
KARO PHARMA


**LEVER LENGRE:** – Vi ser at pasientene som fikk en høy stråledose to ganger daglig lever betydelig lengre, sier professor og overlege Bjørn Henning Grønberg om studien han har ledet.  
Foto: Geir Otto Johansen/St. Olavs hospital

## Ny stråleterapi-studie kan endre behandlingen av lungekreft-pasienter

- 50 % bedre overlevelse etter 2 år hos pasienter som fikk økt stråledose tilpasset av PET
- Kreftavdelingen i Ålesund deltok med pasienter i studien, men noen takket nei fordi de synes reiseveien ble for slitsom.



# PET i Norge og hvorfor ved Ålesund sykehus



# Reisevei

HMR er det helseforetaket i Sør-Norge med lengst reisevei til nærmeste PET-tilbud!



*Reisetiden blir kortere - ventetiden blir kortere!*

# «Normerte behov»

- **Europa**
  - 1 maskin/300 000 innb.
- **USA, Canada, Japan og Danmark**
  - 1 maskin/150 000 innb.
- **Status Helse MN**
  - 1 maskin/ ca. 720 000 innbyggere



# Befolkningsgrunnlag



- Befolkning Møre og Romsdal:
  - 266.000
- HMR er det største helseforetaket i Norge uten eget PET-tilbud
- Befolkningsgrunnlaget er nok til full drift av en PET-skanner ved dansk nivå (2016)


# PET-CT for å spare...



- ...Miljøet for utslipp til reise
- ...Helseforetaket for reiseutgifter og et vanskelig organiserbart pasientforløp
- ...Pasientene for reisen og tiden det tar til avklaring

# Ferdig utredet

- Utredet faglig og økonomisk:
- «Gryteklart»:
  - PET kan plasseres i ledige lokaler på stråleterapien
- Langsiktig plan:
  - PET-senter del av bygningsmessig utviklingsplan
  - Langsiktig bærekraftig drift




# Historikk PET langs kysten

- Tromsø:
  - Trond Mohn
- Trondheim:
  - Trond Mohn/Sparebank I SMN
- Bergen:
  - Trond Mohn
- Stavanger:
  - Sykehuset i våre hender
- Ålesund:
  - Privatpersoner, lokalt næringsliv, Sparebank I SMN, Sparebanken Møre, alle kommunene ??



# Milepæler

- ✓ Utredning
- ✓ Engasjement i befolkningen
- ✓ Ledergruppen
- ✓ Støtte fagmiljø St Olavs
- ✓ Driftsøkonomi
- ✗ Investeringsmidler
- ? Styrebeslutning




17.09.2020

Foreninga Sjukehuset Vårt






# Innsamlingsaksjonen hittil og ambisjonen



Innsamlede private midler ca	7,0 M
Sparebanken Møre	15,0 M
Sum hittil	22,0 M
Gjenstående behov	CA 8,0 M ?

# Høstens Folkeaksjon

## 1.10.2020



### Del 1

I samarbeid med en betydelig sponsor:

- Gjennomføre en «Folkeaksjon» etter mønster av de vanlige TV-aksjonen og gjennomføres 1.10.2020

Forventet resultat fra aksjonen

5-6 M

### Del 2

Alle Kommuner/rådmenn har fått vår søknad om å bidra med Kr. 30,- pr innbygger. Dette avgjøres i budsjettbehandlingen i Nov/Des


Kommunene i Møre og Romsdal

Ca 3-4 M

**Kommunene kan gjerne ta lokale initiativ sammen med bedrifter, lag og enkeltpersoner slik at det totale bidraget fra den respektive kommune kommer opp på forventet nivå.**



# Takk for oppmerksomhet



17.09.2020

Foreninga Sjukehuset Vårt



**Fra:** Runar Paulsen <runar@pab.no>  
**Sendt:** søndag 8. november 2020 10:16  
**Til:** Sande Kommune; trond.arne.aglen@sande-mr.kommune.no; Olav Myklebust  
**Emne:** SV: Søknad om tilskudd fra Foreninga Sjukehuset Vårt

Hei alle,

I slutten av Juni sendte Foreninga Sjukehuset Vårt (FSV) ut en henvendelse til alle kommuner på Sunnmøre hvor vi anmodet kommunene om å bidra i innsamlingsaksjonen vedr. PET-CT skanner til Ålesund Sjukehus med et beløp på Kr. 30,- pr. innbygger.

Innsamlingsaksjonen har pågått siden mars 2020, og kuliminerte med "Folkeaksjonen" den 1. oktober. I sum har vår innsamlingsaksjon vært en stor suksess og FSV har nådd et resultat som langt overstiger det som var mulig å tenke. Hele 36 MNOK er innbetalt og eller bekreftet.

Helse Møre og Romsdal har satt ned en prosjektgruppe som nå jobber med å få på plass riktig og nok kompetanse ved avdelingen for Nukleærmedisin ved Sjukehuset i Ålesund, og det arbeides med en funksjonsbeskrivelse av selve skanneren for å kunne komme i gang med innkjøpsprosessen. Fagmiljøet føler seg rimelig trygg på at FSV på vegne av Ålesund Sjukehus vil greie å anskaffe det mest moderne utstyret som finnes tilgjengelig innenfor den allerede innsamlede summen.

FSV finner det derfor naturlig å trekke tilbake anmodningen til kommunene om 30,- pr innbygger. Men for at dette fortsatt forblir det brede spleiselaget som vi hele veien har tenkt, hvor enkeltpersoner, foreninger og lag, bedrifter og kommunene over hele Sunnmøre, løfter i felleskap - så vil vi likevel sette pris på at de enkelte kommunene på Sunnmøre, viser sin prinsipielle støtte og bidrar med et symbolsk beløp.

FSV vil fortsette å arbeide langsiktig for sjukehusene i Helse Møre og Romsdal. Den kampen som nå pågår er finansieringen og hvordan Magnussen modellen anvendes i Helse Midt Norge. Senere vil her helt sikkert dukke opp andre utfordringer og behov, og på vegne av FSV så forbeholder vi i styret oss retten til å komme tilbake til samtlige ordførere og rådmenn med forespørsel om både politiske så vel som økonomiske bidrag.

På vegne av Foreningen Sjukehuset Vårt  
Runar Paulsen  
Styrets leder

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Runar Paulsen  
Sendt: fredag 26. juni 2020 09:32  
Til: [sande.kommune@sande-mr.kommune.no](mailto:sande.kommune@sande-mr.kommune.no); [trond.arne.aglen@sande-mr.kommune.no](mailto:trond.arne.aglen@sande-mr.kommune.no); [ordforar@sande-mr.kommune.no](mailto:ordforar@sande-mr.kommune.no)  
Emne: Søknad om tilskudd fra Foreninga Sjukehuset Vårt

Til Ordfører og rådmann/kommunedirektør,

Det vises til Foreninga Sjukehuset Vårt sin presentasjon for Sunnmøre Regionråd 5. Juni 2020

Med vennlig hilsen  
Foreninga Sjukehuset Vårt

Runar Paulsen  
Styrets leder

Mobil: +47 90577734  
Sentralbord 70 11 39 00  
Web: [www.pab.no](http://www.pab.no)

.....  
Innholdet i denne e-post er kun for adressatens / adressatenes bruk. Meddelelsen kan inneholde konfidensiell informasjon og informasjon som i henhold til gjeldende lovgivning er underlagt taushetsplikt. Andre enn adressaten / adressatene har ikke adgang til å lese eller videreformidle innholdet i denne e-posten. Dersom De ikke er den tiltenkte mottaker, vennligst kontakt avsender pr. e-post, slett e-posten og ødelegg samtlige utskrifter og kopier av den. For tilbakemelding direkte til vår e-post administrator, er adressen: [office@pab.no](mailto:office@pab.no).  
.....



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
47/20	Ungdomsrådet	30.11.2020
64/20	Helse og oppvekstutvalet	02.12.2020
176/20	Formannskapet	08.12.2020
116/20	Kommunestyret	15.12.2020

### Skulestruktur - etablering av arbeidsgruppe med mandat

#### Samandrag:

Sande kommune etablerer ei arbeidsgruppe av administrativt og politisk valde medlemmar. I tillegg bør arbeidsgruppa vere representert ved hovudverneombud og hovudtillitsvalt i Sande kommune. Arbeidsgruppa skal gi råd om framtidig skulestruktur. Arbeidsgruppa skal gi råd innafor kommuna sitt økonomiske handlingsrom, og behovet for ein framtidig kvalitativt god skule i Sandesamfunnet.

#### Ungdomsrådet 30.11.2020:

#### Behandling:

#### UNG- 47/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren si tilråding om oppretting av arbeidsgruppe.

Ungdomsrådet ynskjer å ha med ein kandidat i denne gruppa, Agathe Beredu Skare.

Kommunedirektøren si tilråding:

*Med utgangspunkt i K-sak 45/20 etablerer Sande kommune ei arbeidsgruppe som skal gi råd om framtidig skulestruktur.*

*«K-sak 45/20: ...Det skal utnemnast ei gruppe som skal utgreie ein felles skule for alle elevane i Sande, for å ivareta elevane, kvaliteten og mangfaldet innanfor den økonomien vi har til rådvelde»*

*Arbeidsgruppa sitt mandat er:*

- *Gi råd om framtidig skulestruktur innafor dei driftsøkonomiske rammene som er vedtekne i økonomiplan 2021-2025*
- *Vegd opp mot dei driftsøkonomiske rammene skal gruppa ta særleg omsyn til:*
  - *Kvalitet i skulen (elevmiljø, reiseveg, normkrav, arbeidsmiljø, mm)*
  - *Barnets beste*

*Arbeidsgruppa kan dele arbeidet i varige tiltak, og midlertidige tiltak som kan iverksettast i påvente av ei varig løysing.*

*Arbeidsgruppa skal bestå av 8 medlemmar. 3 medlemmar frå administrasjonen som blir peika ut av kommunedirektøren og 3 medlemmar valt av kommunestyret. I tillegg deltek hovudverneombud og hovudtillitsvalt.*

- 1....., Leiar, valt av kommunestyret*
- 2....., Nestleiar, valt av kommunestyret*
- 3....., Medlem, valt av kommunestyret*
- 4....., Sekretær, valt av Kommunedirektøren*
- 5....., Medlem, valt av Kommunedirektøren*
- 6....., Medlem, valt av kommunedirektøren*
- 7....., Hovudverneombud Sande kommune*
- 8....., Hovudtillitsvalt Sande kommune*

*Kommunedirektøren er ansvarleg for framdrifta i arbeidet. Gruppa skal avgi rapport seinast 15.03.2021. Dersom gruppa vurderer det som naudsynt for iverksetting av foreslegne tiltak, skal dei avgi delrapport tidlegare.*

## Saksopplysningar:

*KST-45/20Vedtak:*

- 1. Sande kommune vedtek å endre skulestrukturen i Sande frå 01.08.2020 i samsvar med følgjande: Ein felles 1.-10.-skule i Gursken for Gursken og Gjerdsvika, inkl. 8.-10. klasse for Larsnes. Ein felles 1.-10. skule for Sandsøy og Kvamsøy plassert på Kvamsøy. Larsnes 1.-7. skule som no. Dette inneber at Gjerdsvika og Sandsøy skular vert lagde ned.*
- 2. Det vert opna for fritt skuleval i Sande kommune innanfor dei reglar som kommunestyret vedtek.*
- 3. Det skal utarbeidast ei Forskrift for skulestruktur i Sande i samsvar med dette . Forskrifta skal gje eintydige opplysningar om nærskular og kringsgrenser i Sande kommune, og om reglar for fritt skuleval. Forskrifta skal gjelde frå 01.08..2020.*
- 4. Det skal utnemnast ei gruppe som skal utgreie ein felles skulefor alle elevane i Sande, for å ivareta elevane, kvaliteten og mangfaldet innanfor den økonomien vi har til rådvelde.*

Dette saksframlegget er ei oppfølging av vedtak i kommunestyret 28. april 2020. Sidan den gang er skulen på Sandsøya og i Gjerdsvika lagd ned. Kommunestyret har bestemt at det skal utnemnast ei arbeidsgruppe som skal greie ut ein felles skule for elevane i Sande, jf punkt 4 i KST -45/20.

Utskrift vert sendt til:

Anders Norvald Hammer  
kommunedirektør





## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
46/20	Ungdomsrådet	30.11.2020
31/20	Eldreråd	01.12.2020
45/20	Råd for personar med nedsett funksjonsevne	01.12.2020
62/20	Helse og oppvekstutvalet	02.12.2020
91/20	Næring, teknisk og miljøutvalet	02.12.2020
177/20	Formannskapet	08.12.2020
117/20	Kommunestyret	15.12.2020

### Innføring av eigedomsskatt

#### Samandrag:

Saka gjeld innføring av eigedomsskatt i Sande kommune. Vedtaket vert eit prinsippvedtak. Kommunedirektøren går inn for at det vert skrive ut eigedomsskatt etter eit nivå på 1 promille for 2021.

Kommunestyret vil vidare justere satsen årleg i samband med budsjettsakshandsaminga.

#### Næring, teknisk og miljøutvalet 02.12.2020:

##### Behandling:

Framlegg til vedtak i sak PS 91/20 Innføring av eigedomsskatt frå Sande FrP v/ Kjartan Bleie, foreslått av Kjartan Bleie, Framstegspartiet

##### Kjartan Bleie, Frp sette fram følgjande framlegg:

Vidare handsaming av sak «innføring av eigedomsskatt» vert avvist. Det vert ikkje iverksett ytterlegare utgreiingsarbeid om saka.

Framlegget frå Kjartan Bleie vart samrøystes tilrådd.

##### NTM- 91/20 Vedtak:

Vidare handsaming av sak «innføring av eigedomsskatt» vert avvist. Det vert ikkje

iverksett ytterlegare utgreiingsarbeid om saka.

#### **Råd for personar med nedsett funksjonsevne 01.12.2020:**

##### **Behandling:**

##### **RLF- 45/20 Vedtak:**

Dersom Sande kommunestyre vel å innføre eigedomsskatt i Sande, ber Rådet om at følgjande vert vurdert:

1. Botnfrådrag
2. Fakturering kvartalsvis

Rådet meiner at innføring av eigedomsskatt er sosialt urettferdig, då det er dei om har dårlegaste forutsetningar for å betale som vert sterkast ramma.

#### **Eldreråd 01.12.2020:**

##### **Behandling:**

##### **Helene Helland sette fram følgjande forslag:**

Sande kommune skal ikkje innføre eigedomsskatt.

##### **Røysting:**

Helene Helland sitt forslag fekk 3 røyster og vart vedteke

Kommunedirektøren si tilråding fekk 2 stemmer og fall ( Aslak Storegjerde og Kari Ristesund).

#### **ELD- 31/20 Vedtak:**

Sande kommune skal ikkje innføre eigedomsskatt.

#### **Ungdomsrådet 30.11.2020:**

##### **Behandling:**

##### **UNG- 46/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet står samla om å ikkje går inn for kommunedirektøren si tilråding om innføring av eigedomsskatt.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Sande kommune vedtek eigedomsskatt for 2021 med 1 promille av eigedomsskattegrunnlaget i Sande kommune.
2. Med heimel i lov om eigedomsskatt §§ 2 og 3 bokstav g) skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for innføring av eigedomsskatt i Sande kommune frå 2021: Faste eigedommar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Etter dette vil følgjande eigedommar vere omfatta av skatteplikt:

- Alle bustadeigedomar og fritidseigedomar (her under våningshus, garasjar og naust) og ubygd grunneigedom (med unntak av tomter regulert til næring).
3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a kan «eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten» søkje kommunestyret om å få fritak for eigedomsskatt. Søknadsfrist vert sett til 20. februar 2021.

Med heimel i eigedomsskattelova § 7b kan «Bygning som har historisk verdi» søkje kommunestyret om å få fritak for eigedomsskatt. Søknadsfrist vert sett til 20. februar 2021.

4. Det skal ikkje nyttast botnfrådrag.
5. Sande kommune skal nytte siste tilgjengelige tal frå Skatteetaten sitt register for «Formuegrunnlag for likning av bustader i Sande kommune» som grunnlag for berekning av eigedomsskatt.
  - For skatteåret 2021 vert skattesatsen sett til 1 promille av eigedomsskattegrunnlaget, jmf. eigedomsskattelova § 13: «Første året det vert utskrive eigedomsskatt i ein kommune, må skatten ikkje vera større enn kr 1 av kvart kr 1 000 av takstverdet. Seinare kan skatten ikkje i noko år aukast med meir enn kr 1 for kvart kr 1 000.»
  - Eigedomsskatten forfell til betaling over to terminar.
6. Sande kommunestyre vedtek å opprette skattetakstnemnd og overtakstnemnd (klagenemnd). Valnemnda for siste kommuneval får i oppdrag å fremje forslag til medlemmar i skattetakstnemnda og overtakstnemnda.
7. Skattetakstnemnda får – etter konstituering – til oppgåve å leggje fram for formannskapet og kommunestyret forslag til vedtekter for skattetakstnemnda og overtakstnemnda.
8. Kommunedirektøren får mynde til straks å starte det førebuingsarbeidet som vurderast naudsynt for å oppfylle dette vedtaket.



## Saksopplysningar:

I Noreg har heile 319 kommunar innført eigedomsskatt. Av våre nabokommunar er det Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda som til no har innført eigedomsskatt. I motsetning til inntekts- og formueskattlegginga (der 70 % går til stat/fylke og berre 30 % til kommunane) går 100 % av inntektene frå eigedomsskattlegginga til kommunane sjølv.

Kommunestyret sitt vedtak om utskriving av eigedomsskatt må minst ha med:

- Heimel for utskriving av eigedomsskatt, jf. Eigedomsskattelova §§ 2 og 3
- Kva utskrivingalternativ som skal gjelde, jf. Eigedomsskattelova § 3
- Dersom det ikkje skal skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen; Beskriving av eigedomsskatteområdet og korleis eigedomsskatten skal avgrensast, jf. Eigedomsskattelova § 3
- Eigedommar som evt. skal vere friteke heilt eller delvis for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7
- Størrelsen på evt. botnfrådrag, jf. Eigedomsskattelova § 11
- Eigedomsskattesats, jf. eigedomsskattelova §§ 11 og 13
- Antall terminar for innbetaling av eigedomsskatt, jf. Eigedomsskattelova § 25
- Antall terminar for innbetaling av eigedomsskatt, jf. Eigedomsskattelova § 25
- Oppnemning av medlem til takstnemnd og klagenemnd med varamedlem, samt leiarar og nestleiarar, jf. Eigedomsskattelova §§ 20 og 21.

Vedtaket om utskriving av eigedomsskatt må gjerast i samband med budsjettet for komande år, Vedtaket gjer kommunen for eit år om gongen.

Denne saka er ei sak om innføring av eigedomsskatt. Når vedtaket om innføring er gjort vil kommunedirektøren legge fram ei ny sak om organisering av innkrevjinga og delegeringa av mynde. Kommunestyret vil også få ei ny sak med konstituering av skattetakstnemnd og overtakstnemnd. For Sande kommune vil dette bety oppretting av eigedomsskattekontor i kommunen. Opprettinga er tenkt gjennomført gjennom eit tverrsektorielt samarbeid, hovudsakleg med disponering av eksisterande ressursar. Kommunedirektøren vil halde eige rekneskap for eigedomsskattekontoret etter at det er oppretta og vil rapportere til formannskapet.

Frist for gjennomføring av taksering og utskriving av skatt det første året kommunen skriv ut eigedomsskatt er før utgangen av juni 2021. For seinare år kan eigedomsskatten skrivast ut tidlegare på våren.

## **I § 2 i eigedomsskattelova ligg mynde til å skrive ut eigedomsskatt til kommunestyret.**

Eigedomsskattelova § 3 har sju alternativ for kva som skal skattleggjast.

### **Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten:**

- a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
- b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
- c) berre på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
- d) berre på næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg

- omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
- e) eigedom både under bokstav b og c, eller
  - f) eigedom både under bokstav b og d, eller
  - g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Til kommunen vert rekna sjøområde ut til grunnlinjene.

### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren legg til grunn at eigedomsskatt vert innført i heile kommunen, og at det er fast eigedom unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum som vert skattlagt, jf. § 3, 1.ledd bokstav g).

Ei skattlegging av heile kommunen vil gje det høgaste inntektsgrunnlaget og vil kunne gje redusert risiko for klager og uro kring fastsetting av grensene. Ved å følgje eit likskapsprinsipp ønsker kommunedirektøren å tilby mest mogleg rettferdig fordeling av skattlegginga. Ein viss skilnad i skattlegginga vil det bli mellom områda som er tettbygd og dei områda som ikkje er tettbygd. Dette fordi anslag på salsverdi, og dermed også takstgrunnlaget for eigedomsskatt, vert sett ulikt i områder som har spreidd busetnad samanlikna med områder med tett busetnad. Dersom kommunestyret vel å ikkje skattlegge heile kommunen må områda vere klart avgrensa. Avgrensinga kan følgje Gnr, koordinat, vegadresse eller kart som viser eigedomsgrensene. Vidare må ikkje avgrensinga vere vilkårlig eller i strid med likskapsprinsippet som retten til skattlegging kviler på.

Etter § 5 i eigedomsskattelova er det fritak frå eigedomsskatt for ein del eigedommar. Eigedom omtala i § 5 skal ikkje ileggast eigedomsskatt.

### **§ 5. Fri for eigedomsskatt er:**

- a. Eigedom som staten eig, så langt
  - eigedomen vert nytta av Kongen eller kongehuset, Stortinget eller Regjeringa
  - eigedomen vert nytta til kulturelle føremål, slik som idrettsanlegg, musé, teater, skulpturar m.v.
  - eigedomen har historisk bygg eller anlegg
  - eigedomen vert nytta av Forsvaret til forsvarsanlegg, avgrensa leirområde eller militært øvingsområde
  - eigedomen tilhøyrer staten sine samferdselsforetak så langt dei tener ålmennyttige føremål - eigedomen er vassfall, fabrikk eller anna føretak som staten eig og som tener ålmennyttige føremål
- b) Eigedom som høyrer til jernvegar til ålmenn bruk, så langt og så lenge eigedomen vert nytta i verksemda.
- c) Kyrkjer.
- d) Eigedomar som kommunen sjølv eig.
- e) Legasjons- og konsulateigedomar som ein annan stat eig, når den andre staten fritak norsk eigedom for tilsvarende skatt hjå seg.
- f) Eigedom som statens lufthamnselskap eig, i same omfang som fritaket for statens eigedom etter bokstav a femte strekpunkt.

g) Eigedom som helseforetak eig, i same omfang som fritaket for statens eigedom etter bokstav a sjette strekpunkt.

h) Eigedom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk, herunder gartneri og planteskule tilknytta slik drift

Kommunestyret kan fritaka einiskilde eigedomar frå eigedomsskatt. Eigedomar som kan fritakast frå slik skatt er omtala i § 7.

### **§ 7. Kommunestyret kan fritaka desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:**

a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.

b) Bygning som har historisk verdi.

c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller utval som er nemnt i kommuneloven § 5-7, kan få fullmakt til å avgjera einiskildsaker om skattefritak.

d) Bygning og grunn i visse luter av kommunen.

e) Fritidsbustader.

Med heimel i eigedomsskattelova § 7 c tilrår kommunedirektøren at nyoppførte bustadhus vert friteke for eigedomsskatt inntil formuesgrunnlaget føreligg, men maksimalt eit år etter oppføring.

Kommunedirektøren tilrår at det vert gjevne fritak for eigedommar som nemnde i bokstav a og b. Fritak skjer etter søknad til eigedomsskattekontoret. Søknadsfrist vert sett til 25.februar 2021.

Mynde til fritak er lagt til kommunestyret, men dette er noko kommunestyret har moglegheit å delegerare vidare, innanfor rammene av kommunelova § 10, når strukturen på arbeidet med innkrevjing er fastlagt.

Sande kommune ønsker å nytte skatteetatens boligverdigrunnlag (likningsverdi) som grunnlag for berekning av eigedomsskatt. Satsen vert utrekna av Skatteetaten med utgangspunkt i ein kvadratmeterpris som SSB (Statistisk Sentralbyrå) reknar ut kvart år. Kvadratmeterprisen skal gje uttrykk for ein estimert marknadsverdi pr. kvadratmeter og er bygd på statistisk grunnlag ut frå omsette eigedommar (boligtype, areal, geografisk område og alder).

Likningsverdien for primærbustad er sett til 25% av antatt marknadsverdi, og må difor gongast med 4. Deretter skal ein trekke frå 30% av verdien for å sikre at takstgrunnlaget ikkje overstig marknadsverdi, Av dette grunnlaget vert det rekna ut 1 promille, som vert kommunedirektørens tilråding for eigedomsskatt i Sande kommune. Kommunedirektøren tilrår at det ikkje vert nytta botnfrådrag.

Formelen vert då slik:

***Eigedomsskatt = Likningsverdi x 4 (= «boligverdigrunnlaget») x 0,7 x 0,001***

Eit forsiktig estimat basert på den del av kommunens eigedommar som har fastsett

verdigrunnlag hjå Skatteetaten, gir ei potensiell inntekt på følgjande måte (tal pr 2018):

	Boligverdigrunnlag Sande kommune	nedjustering	promillesats	Eigedomsskatt i kommunen
ÅR 1	1 452 407 209	x 0,7	x 0,001	1 016 685
ÅR 2	1 482 907 760	x 0,7	x 0,002	2 076 071
ÅR 3	1 514 048 823	x 0,7	x 0,003	3 179 503
ÅR 4	1 545 843 849	x 0,7	x 0,004	4 328 363

Merk:

Det gjenstår eit viktig arbeid i å taksere gjenståande eigedommar for å kunne gje reelle tal på heile boligverdigrunnlaget i Sande. Før takseringa er gjennomført vil ein difor ikkje ha anna å vurdere utifrå enn dei kjente verdiar som er berekna her over. Når takseringsarbeidet er gjennomført vil inntektene frå eigedomsskatt auke samanlikna med det som kjem fram i tabellen over her.

Det er mange usikre faktorar knytt til dei eigedommane som ikkje har verdigrunnlag fastsett hjå skatteetaten, men desse variablane vil takseringsarbeidet kunne avdekke når det kjem i gong.

Døme på korleis eigedomsskattrekninga kan sjå ut, årleg:

Likningsverdigrunnlag på bustad	x 4 (til 100%)	x 0,7	1 ‰	2 ‰	3 ‰	4 ‰
400 000	1 600 000	1 120 000	1 120	2 240	3 360	4 480
600 000	2 400 000	1 680 000	1 680	3 360	5 040	6 720
800 000	3 200 000	2 240 000	2 240	4 480	6 720	8 960

Kommunestyret står fritt til å disponere inntektene frå eigedomsskatt. Med dagens økonomiske situasjon er det nærliggande å tenke:

- Sikre lovpålagde tenester
- Betale ned tidlegare meirforbruk/bygge opp disposisjonsfond

Kommunestyret rår over inntektene gjennom eiga budsjettdisponering.

Kommunedirektøren vil med dette rå til at kommunestyret vedtek å innføre eigedomsskatt i Sande kommune i 2021.

**Konsekvensar for barn og unge:** Vil betre kommuneøkonomien. Derav også tenestetilbodet overfor born og unge.

**Likestillingsmessige sider ved saka:** Ingen

**Konsekvensar for folkehelsa:**

Auka skattetrykk kan skape frustrasjon og trangare økonomiske kår for hushaldningane. Dette må vegast opp mot betre økonomisk handlingsrom for kommuna, som igjen sikrar forsvarleg tenesteproduksjon og betre folkehelse.

**Miljøkonsekvensar:** Ingen



## **Økonomiske konsekvensar:**

### ***Inntekt:***

Eigedomsskatt er ein skatt direkte til kommunen som styrker finansieringsgrunnlaget for gode kommunale tenester.

### ***Utgift:***

- Prosjektskostnadar for fastsetjing av skattetakstgrunnlag og taksering av alle eigedommar
- IKT-utstyr/systemmodul for taksering, utskriving og innkrevjing av eigedomsskatt
- Møtegodtgjersle for Skattetakstnemnda og overtakstnemnd (klagenemnd)
- Administrasjon av eigedomsforvaltninga, herunder ajourhald av eigedomsskatteregisteret, utskriving og innkrevjing av eigedomsskatt.

**Beredskapsmessige konsekvensar:** Ingen.

Utskrift vert sendt til:  
Økonomiavdelinga  
Teknisk sektor

Anders Norvald Hammer  
kommunedirektør